



Innspel jordbruksforhandlingar 2013

Landbruksvikarordninga

Dette er ei svært god ordning for bøndene, tilsette og avløyssarлага.

- **Tilskott til administrasjon**

Tilskotet pr. årsverk til landbruksvikar må aukast i takt med kostnadsutviklinga. Kostnaden til opplæring, kompetanseheving, praksis og etterutdanning av landbruksvikarane må bli ein del av tilskotet og ikkje belastast administrasjonstilskotet.

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**

Tilskott pr. årsverk landbruksvikar har stått i ro sidan 2009, medan eigenbetaling har stege i takt med dagsats under sjukdom. Dette medføre ei dyrare ordning for gardsbruk som ikkje har full dagsats. Tilskotet bør og aukast for å gje rom for praksis, besøk hjå bøndene i det området ein skal ha beredskap i.

- **Fordeling av overskott/underskott**

Overskott i ordninga vert i dag trekt inn, medan underskott må dekkjast av avløyssarлага. Det må vera råd å sjå overskott /underskott over fleire år, minimum 3, helst 5 år.

Sjukdom

- **Krav til næringsinntekt for nyetablerte**

Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom. Dette er og eit viktig moment med tanke på rekruttering av unge til næringa.

- **Avkorting mot andre lønsinntekter**

For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**

For å ta att tidlegare tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom i år aukast til minimum kr. 1.700,-. Satsen må etter dette for kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- **Nedre aldersgrense arbeidskraft**

Det er et ynskje å senka aldersgrensa til arbeidskraft for å få refundert tilskott ved sjukdom til 15 år.

Ferie/fritid

- **Tidlegare utbetaling av tilskott ferie/fritid**

Om det ikkje er råd å få til ei ekstra utbetaling av tilskottet, må det vera råd å få til ei tidlegare utbetaling enn juni i året etter.

For nyetablerte bønder bør ein få ei eiga utbetalingsordning som gjer at bonden slepp forskottera utgifter til ferie/fritid, uforholdsmessig lenge.

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**

For å ta att tap i kostnadsutvikling bør tilskott ferie/fritid aukast til minimum kr. 80.000,-. Satsen må etter dette kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- **Nedre aldersgrense arbeidskraft**

Det er et ynskje å senka aldersgrensa til arbeidskraft for å få refundert tilskott ved ferie/fritid til 15 år.

Tidleg pensjon

- **Pensjonsbeløp**

Satsen må følgja kostnadsutviklinga.

- **Inntekt utanom næringsinntekt frå bruket**

For å ta ut tidlegpensjon må minimum næringsinntekt frå gardsdrifta ha vert 67%. Verv i organisasjonar i landbruket bør reknast som næringsinntekt, og ikkje føra til avkorting.

- **Tidlegpensjonsalder for bonden bør reduserast frå 62 til 60 år.**



Vedlegg

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon

Landbruksvikarordninga

For vidare utvikling av ordninga er det viktig å sjå på følgjande;

Tilskott til administrasjon

Tilskotet pr årsverk til landbruksvikar må aukast i takt med kostnadsutviklinga. Kostnaden til opplæring, kompetanseheving, praksis og etterutdanning av landbruksvikarane må bli ein del av tilskotet og ikkje belastast administrasjonstilskotet.

- Ein landbruksvikar skal kunne gå inn og overta drifta på eit gardsbruk i akutte situasjonar. Kompetansen må til ei kvar tid vere på eit nivå som kan takle ulike produksjonar. Kontinuerleg opplæring og kompetanseheving er kostbart. I dag vert kostnaden belasta som ein del av administrasjonstilskotet, noko som tar store deler av dette tilskottet. Det går med mykje arbeid til administrering av ordninga.
- Praksis, besøk hjå alle bønder. Dersom ein skal ha ein reell beredskap ved akutt ulykke eller sjukdom, bør landbruksvikarane ha gjort seg kjent på gardsbruk i heile området sitt. Det bør vera rom for praksis og besøk utan at det vert fakturert brukaren. Det er eit mål om å koma rundt til alle i løpet av nokre år. Det er i dag mange bruk som aldri har besøk av avløyssar. Det ville vore eit framsteg for landbruksvikarordninga om vi og kan vera sikre på at landbruksvikarane kan takla ein akutt situasjon på desse bruca. Eit slikt besøk kan og vera preventivt på fleire områder. Skal det vera rom for dette må opplæring flyttast frå administrasjon og til det ordinære tilskotet, og dette må aukast.

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

- Tilskott pr. årsverk landbruksvikar har stått i ro sidan 2009, medan eigenbetaling har stege i takt med dagsats under sjukdom. Dette medføre ei dyrare ordning for gardsbruk som ikkje har full dagsats.

Fordeling av overskott/underskott

Overskott i ordninga vert i dag trekt inn, medan underskott må dekkjast av avløyssarlaga. Det må vera råd å sjå overskott /underskott over fleire år, minimum 3, helst 5 år.

- I år med mykje sjukdom blant bøndene vil ordninga lett gå med underskott
- Ved underskott er det laget som må ta kostnadane på eiga drift, men ved overskott trekkjer staten tilskottet inn att.
- Den usikre økonomien føre til at mange avløyssarlag vegrar seg for å satse på faste stillingar.

Sjukdom

Krav til næringsinntekt for nyetablerte

Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom.

- Sjølv om det er rom til å gje dispensasjon så er dette eit usikkert moment. Bønder som har vore sambuar før dei inngår ekteskap får ikkje dispensasjon frå kravet om næringsinntekt for nye brukarar. I andre samanhengar vert det operert med at ein må ha vore sambuar i minst to år før reglar gjeld. Dette bør gjelde her og, særleg sidan sambuarar ikkje kan dela næringsinntekt i enkeltpersonføretak.

Avkorting mot andre lønsinntekter

For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.

- Dersom ein gardbrukar har arbeid utanom gardsbruket og vert sjuk, vert tilskottet samordna med sjukepengane brukaren får, eller kunne ha fått frå NAV, for arbeidet utanom bruket. Sjukepengane brukaren får frå NAV vert trekt i tilskottet sjølv om desse ikkje refererer seg til inntekta frå garden, men til inntekta utanom bruket.
- Den økonomiske situasjonen i jordbruket er ein viktig årsak til at mange bønder må hente inntekt frå arbeid utafor garden. Dette gjeld mellom anna unge brukarar i ein etableringsfase og i samband med omstillinga og/eller investeringar på bruket.
- Samordninga rammar etter vårt syn kjernen av avløyssarordninga, det å sikre inntekt i ein sjukdomsperiode. Noverande samordning rammar aktive gardbrukarar som gjennom bruk av fleire inntektskjelder freistar å få til ei verksemd på bruket. Desse vert etter vårt syn



Vedlegg

ramma dobbelt ved sjukdom, fordi dei i ein slik periode må bruka inntekta frå den eine kjelda (arbeidet utafor garden) for å halde den andre (garden) i gang gjennom sjukdomsperioden.

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

For å ta att tidlegare tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom i år aukast til minimum kr. 1.700,-. Satsen må etter dette kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- Når det gjeld avløyising under sjukdom er den reelle kostnaden i 2012 kr. 1.675,00¹ pr. dag, medan tilskotet frå 1.1.2013 er kr. 1.400,- pr. dag. Dette medføre ein eigendel pr. dag på kr. 275,00. Ved langvarig sjukdom medføre dette ei stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen. I verste fall, økonomisk ruin.

Nedre aldersgrense arbeidskraft

Norske Landbrukstenester meiner at det vil vera rett å redusera aldersgrensa til 15 år.

- Vi meiner at det vil bidra positivt til rekrutteringa i både avløyisaryrket og næringa elles. I grunnskulen er det no innført meir valfag, og det er etablert grunnkurs avløyisar som valfag fleire stader i landet. Det vert arbeidd for eit landsdekkjande tilbod om dette, og dersom elevane kan gå rett ut i arbeid som avløyisar, vil dette vera veldig positivt. Ein kan og sjå for seg ei auka interesse for dei "grøne" linjene i den vidaregåande skulen, som ein sideeffekt av dette. Det er ikkje noko i arbeidsmiljølova som hindrar ei aldersgrense på 15 år.

Ferie/fritid

Tidlegare utbetaling av tilskott ferie/fritid

Om det ikkje er råd å få til ei ekstra utbetaling av tilskottet, må det vera råd å få til ei tidlegare utbetaling enn juni i året etter.

- Å innføre ei tidlegare utbetaling kan løyse fleire problem;
 - Unge bønder som startar opp slepp å forskottere i 18 månader ved oppstart
 - Betre likviditet i ordninga fører til meir ferie/fritid for den einskilde
 - Avlastning ved ferie/fritid vil føre til mindre sjukdom og færre ulykker
 - Meir stabil sysselsetting av arbeidskraft, dvs. betre tilgong på kvalifisert arbeidskraft
 - Betre beredskap ved sjukdom
- Gode og stabile velferdsordningar er ein viktig faktor for rekruttering til næringa. Mangel på ferie og fritid er ein faktor som gjer at mange vel å slutta.

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

For å ta att tap i kostnadsutvikling bør tilskott ferie/fritid i år aukast til minimum kr. 80.000,-. Satsen må etter dette kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskotet er kraftig redusert då utviklinga på tilskot ikkje følgjer kostnadsutviklinga. Sjølv om løna til avløyisarane er låg i forhold til mange andre yrkesgrupper er timeprisen bonden må betale for kvalifisert arbeidskraft i 2012 kr. 223,30² inklusive sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskot på kr. 69.000,- vil då kunne få ferie- og fritidsavløyising i ca. 309 timar eller ca. 41 dagar. I 1999 kosta arbeidskrafta 137,70³ i timen, og maks tilskot var kr. 48.000,-. Same bonden fekk då ca. 348,5 timar eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavløyising for tilskotet.

Nedre aldersgrense arbeidskraft

Norske Landbrukstenester meiner at det vil vera rett å redusera aldersgrensa til 15 år.

- Vi meiner at det vil bidra positivt til rekrutteringa i både avløyisaryrket og næringa elles. I grunnskulen er det no innført meir valfag, og det er etablert grunnkurs avløyisar som valfag fleire stader i landet. Det vert arbeidd for eit landsdekkjande tilbod om dette, og dersom elevane kan gå rett ut i arbeid som avløyisar, vil dette vera veldig positivt. Ein kan og sjå for

¹ Kr. 223,30 pr. time x 7,5 timer

² Minsteløn pr. time kr. 163,35. Sosiale kostnader, forsikring med mer 36,7 %

³ Løn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med mer 33,6 %



Vedlegg

seg ei auka interesse for dei "grøne" linjene i den vidaregåande skulen, som ein sideeffekt av dette. Det er ikkje noko i arbeidsmiljølova som hindrar ei aldersgrense på 15 år.

Tidleg pensjon

Pensjonsbeløp

- Dei som mottar tidligpensjon for jordbrukarar skal ha ein utvikling i sosiale vilkår på linje med samfunnet elles. Norske Landbrukstenester føreslår å auke maksimalbeløpa tilsvarande minstepensjon for einbrukarpensjon og tilsvarande auke for tobrukarpensjon.

Inntekt utanom næringsinntekt frå bruket

- For å ta ut tidlegpensjon må minimum næringsinntekt frå gardsdrifta ha vert 67%. Verv i organisasjonar i landbruket bør reknast som næringsinntekt, og ikkje føra til avkorting.

Tidligpensjonsalder for bonden bør reduserast frå 62 til 60 år.

- Det er viktig å få overdratt gardsbruket til ein ny generasjon så tidleg som råd. Ein ser ofte at neste generasjon er etablert på eigenhand i anna næring før ein får sjanse til å overta. Ved å senke alder for uttak av tidligpensjon til minst 60 år er ein på rett veg i forhold til å få eit tidlegare generasjonsskifte.

Med helsing
Norske Landbrukstenester

Finn Hoff
Styreleiar